



## Arkeologiske sikrings- granskingar i Hellenen (id 34551).

Haneberg gnr. 46, bnr. 82 i  
Sokndal kommune, Rogaland  
fylke

Funn av busetjings- og aktivitetsspor frå steinalder til  
nyare tid

Trond Meling

---

AM saksnummer: 15/05834

Journalnummer:

---

Dato: 29.11.2016

Sidetall: 23 <sup>m</sup>/vedlegg

Opplag:

---

Oppdragsgivar: Riksantikvaren

---

Stikkord: Steinartefakter frå steinbrukande tid og kulturlag  
frå eldre bronsealder og førromersk jernalder

---

# Innberetning til topografisk arkiv



Universitetet  
i Stavanger

Arkeologisk museum

Vår ref.: 15/00849

Sakshandsamar: Trond Meling Arkivkode

Dato: 28.11.16

733

**Kommune:** Sokndal  
**Gardsnamn:** Haneberg  
**Gnr:** 46  
**Bnr:** 82  
**Lokalitetsnamn:** Hellenen  
**Tiltakshavar:** Riksantikvaren  
**Adresse:** Pb. 8196 Dep. 0034 Oslo

**Sakens navn:** Sikringsgransking i Hellenen på Haneberg i Sokndal kommune  
**Arkivsaknr:**

**ID (Askeladden:)** 34551

**Aksesjonsnr:** 2006/106  
**Museumsnr:** S 13670  
**Natvit. prøvenr:**  
**Fotonr:**

**Befart:** 02.09.15  
**Av:** Trond Meling  
**Feltundersøkelse:** 06.-07.10.2016  
**Ved:** Trond Meling og Angunn Skeiseid

**Gjelder:** Sikringsgraving i Hellenen for å kartlegge bevaringstilhøva og grad av forstyrning av automatisk freda kulturlag. Ved sikringsgravinga vart det funne busetnadsspor som strekk seg frå steinalder til moderne tid.

## 1 SAMANDRAG

I perioden 06.-07.10.16 gjennomførte Arkeologisk museum, UiS ei sikringsgraving i Hellenen i Jøssingfjord (id 34551), Sokndal kommune. Dette er eit svært kjend og mykje besøkt kulturminne i Rogaland. I 1964 registrete Bjørn Myhre eir 50-60 cm tjukt kulturlag i Hellenen, og målsetjinga med undersøkinga var å få betre informasjon om bevaringsforholda i dette laget og å sjå om det er utsett for slitasje/erosjon. Granskinga vil danne grunnlag for å vurdere eventuelle tiltak for å sikre kjeldeverdiane som ligg i det automatisk freda kulturminnet.

Det vart grave tre prøveruter innunder helleren. Ei rute (PR-2) vart graven sentral i kulturlaget, ei rute (PR-1) vart lagt i den austlege delen, der ein går opp til Hellenen, mens den tredje ruta vart graven sør for det sørlegaste huset. Det vart ikkje påvist kulturlag i PR-1 og PR-3. I PR-2 var kulturlaget 45-60 cm tjukt, og det vart skild ut fem ulike lag/fasar i dette. Under kulturlaget var det lys, gulbrun sand. Det vart funne flintartefakter i sandlaget og i den nedste delen av kulturlaget. Høgare opp i kulturlaget fans det ein god del skjel og bein, samt eit skår av keramikk. Ut frå funna og stratigrafien ser det ut til at det mest av kulturlaget er avsett i løpet av bronsealder og jernalder, eventuelt i kortare periodar innanfor dette tidsrommet. I PR-1 og PR-3 vart det funne ein del flintartefakter. Flintfunna frå dei tre rutene tyder på fleire busetjingsfasar frå seinmesolitikum og framover.

I alle dei tre prøverutene vart det påvist moderne gjenstandar i det øvste laget. Desse gjenstandane ser ut til å stamme frå tida då husa var i bruk som bustad, og ikkje frå perioden. Hellenen har vore turistattraksjon. I PR-1 og PR-3 fans det moderne gjenstandar ned til høvesvis 32 cm og 18 cm under overflata, mens dei moderne gjenstandane var avgrensa til dei øvste 5 cm i PR-2.

Det ser ikkje ut til at dei førhistoriske laga i Hellenen er utsett for hærverk eller direkte inngrep på grunn av dei mange besøkande, men det er grunn til å tru at det skjer ei jamn slitasje av laga. Dette gjelder særleg kulturlaget som ligg sentralt rundt husa. I dette området er også dei forstyrta delen av dei førhistoriske busetjingslaga tynnast (berre 5 cm tjukt). Det er derfor grunn til å tru at dei intakte, førhistoriske delane av kulturlaget vil bli utsatt for direkte slitasje og erosjon over tid.

## 2. INNLEIING

Hellenen i Jøssingfjord er eit av dei mest kjende og eit mykje besøkt kulturminne i Rogaland. Den ligg heilt inst og på nordsida av Jøssingfjorden i den sørlege delen av Sokndal kommune (Fig. 1). Like nedanfor Hellenen, frå nord, renn det ut ei elv i sjøen. Landskapet rundt er skrint og prega av bratte fjellsider med bart berg. Fjorden dominerer og utgjer ei djup kløft i landskapet (Fig. 2).

Sjølve helleren er om lag 100 m lang i retning nord-sør og ca. 20 m høg i dråpefallet. Frå den inste delen av helleren til dråpefallet er det om lag 15 m på det meste. Hellenen ligg hovudsaklig mellom 8 m og 15 m over havet, men i dei sentrale delane, mellom og i front av

bygningane, er det truleg ikkje meir enn ca. 6 moh (Myhre 1964a). Dei to bygningane under helleren er frå byrjinga av 1800-tallet (Fig. 4), men både eldre opplysningar og synlege murar viser at det har stått fleire bygningar her (Hansteen 2014). I tillegg finns det restar etter m.a. kve og båtstø i og like rundt Helleren. Dei fleste av desse murane er truleg frå historisk tid (Fig. 3).



Figur 1. Helleren er markert med ein svart firkant og ligg inst i Jøssingfjorden heilt sør i Sokndal kommune. Kart: Sigrid A. Dugstad

## 2.1 Bakgrunnen for undersøkinga

Bakgrunnen for sikringsgravinga var resultatane som kom fram etter ei arkeologisk undersøking som museet utførte på same staden i mai 2016. Då vart eit avgrensa område på ca. 2m<sup>2</sup> ved grunnmuren til det nordlegaste huset graven ut (Meling 2016). Eit av føremåla med denne undersøkinga var å få klårheit i tilstanden til kulturlaga som finns i Helleren. Det meste av området som vart granska i mai bestod av påførte og relativt moderne massar. Museet fekk difor liten informasjon omkring bevaringstilhøva i kulturlaga og i kva grad dagens turisme til staden gjer skade på laga.

For å få betre kunnskap omkring stratigrafien i Helleren, tilstanden til kulturlaga og grad av erosjon/slitasje søkte Arkeologisk museum, UiS Riksantikvaren om å nytta ubrukte midlar for sikringsundersøkingar frå 2014 til å gjera ei mindre prøvegraving i Helleren. I brev datert 14.07.16 vart søknaden akseptert av Riksantikvaren, og sikringsgranskninga fann stad 06.-07.10.16.



Figur 2. Høssingfjorden på nordsida av Høssingfjorden i Sokndal kommune. Sentralt i bildet ser ein elva som rett ut i fjorden. Den raude sirkelen markerer høssingfjorden. Sett mot vest. Foto: Trond Meling


## 2.2 Høssingfjorden og andre kulturminne i nærområdet

Høssingfjorden ligg på garden Haneberg gnr. 46 i Sokndal kommune og i historisk tid var staden husmannsplass under Haneberg. Dei eldste skriftlege kjeldene om Høssingfjorden er frå 1700-talet, men ein trur at den faste busetnaden går tilbake til 1500-talet (Økland 2014). Dei siste bebuarane flytta frå Høssingfjorden i 1909 då The Høssingfjord Manufacturing Company tok over staden. Det vart etablert industri i området tidleg på 1900-talet, og like nordaust for Høssingfjorden vart det anlagt kraftstasjon og smelteverk (Økland 2014:61). Store deler av området rundt Høssingfjorden er i dag eigd av Titania AS som utvinn ilmenitt ved Tellnes søraust for Høssingfjord.

Det er svært lite lausmassar i området rundt Høssingfjorden, og berggrunnen består først og fremst av dei harde bergartane anortositt og noritt. Dette er svært sjeldne og gamle bergarter (rundt 1000 millionar år) som hovudsakleg består av mineralet andesitt (Dahl 1982).

### 2.2.1 Tidlegare granskingar i Høssingfjorden

I 1964 vart det graven to små prøvestikk innunder høssingfjorden (Myhre 1964a, 1964b). Det eine stikket vart grave mellom dei to husa, mens det andre vart grave ca. 1 m sør for det sørlegaste huset (Fig. 3). I begge stikka vart det påvist 50-60 cm tjukke kulturlag. Øvste delen av laget bestod av mørk, trekolholdig jord, så eit lag med østersskal, og under dette var det eit forholdsvis tjukt lag med ei blanding av skjelsand og mørk jord. Under skjelsandlaget kunne ein i det eine prøvestikket også sjå eit tynt lag med fiskebein, samt eit tynt, mørkt lag som låg over undergrunnen (Myhre 1964a). I alle laga vart det påvist dyre- og fiskebein, samt østersskal, og i laget med skjelsand vart det funne eit avslag i flint. Elles vart det ved



Figur 3. Planskisse som viser dei arkeologisk granskningane som er gjort i Hellenen. Dei tre prøverutene er markert med svart firkant, mens dei to prøvestikka som Myhre grov i 1964 er markert med raude sirkel. Dei to sjaktene som vart graven i mai 2016 er markert med

registreringa i 1964 observert ein god del knoklar, fiskbein og flintavslag som låg i dagen, i det øvste laget. Funna frå denne registreringa er katalogisert under S9037.

I tida etter Bjørn Myhre si registrering er det plukka opp ein del steinartefakter frå Hellenen. Det meste av funna utgjer avslag og bitar i flint (S12438), men i 1997 vart det funne ein pilspiss i skifer (S11885) i overflata i den sørlege delen av Hellenen. Skiferspissen, som har konvergerande sider, rette mothaker og eit spissovalt bladsnitt, kan daterast til første halvdel av neolitikum (ca. 3300-2300 f.Kr.). Om lag same datering har også eit fragment av det som truleg har vore ei tynnakka flintøks, som vart funne i overflata ved registreringa i 1964 (Myhre 1964b).

I mai 2016 gjennomførte Arkeologisk Museum, UiS ei avgrensa utgraving like utanfor og på innsida av grunnmuren (den vestlege) til det nordlegaste av dei to husa (Meling 2016). På utsida av grunnmuren var det berre påførte massar frå seint 1800-talet og tidleg 1900-talet, mens det på innsida av huset vart skild ut fire lag. Med unntak av enkelte brende og ubrende bein fans det ingen gjenstandar i laga, men trekol frå det nedste laget er <sup>14</sup>C-datert til tidleg merovingartid (Meling 2016).

### 2.2.2 Funn og fornminner på Haneberg og i området rundt Jøssingfjorden

I det karrige landskapet rundt Hellenen er det registrert relativt få førhistoriske kulturminne. Det er ved fleire høve gjennomført registreringar i områda rundt Tellnes der Titania har sitt anlegg (m.a. Lillehammer 1998, Berge 2008), men det er ikkje funne automatisk freda kulturminne ved desse registreringane. Vest for Logsvatnet, om lag 4

km søraust for Hellenen, finst det nok ein heller (id 72375) der det er funne ein kniv av jern, eit jernfragment og to bitar med ubrend bein (S9503). Denne helleren er danna av ei stor flyttblokk som ligg inntil fjellveggen (Storvik 2011:168). Slik flyttblokk ligg er det danna to

rom i helleren, og gjenstandane er funne i eit prøvestikk i det ytre rommet. I prøvesticket vart det påvist eit ca. 40 cm tjukt kulturlag, og om lag 20 cm under overflata var det eit markant og tjukt trekollag. Det føreligg ikkje dateringar frå laga, og gjenstandane gir ingen nærare datering enn til jernalder-mellomalder.



Figur 4. Kulturlaget, som er mørkt og trekolholdig, er godt synleg i plan mellom og i forkant av dei to husa. Foto Trond Meling

Forutan helleren ved Logsvatnet er det også funne ein del gjenstandar nær tunet på Log i Åna-Sira og ved Bu ytst i Jøssingfjorden. Desse to områda ligg om lag 6 km og 1 km frå Helleren. På Log er det i ulike omgangar kome inn fleire gjenstandar frå yngre steinalder, m.a. to dolkar (S6738, S8946a), ein sigd (S8946b) og to skraparar i flint (S8946c-d), mens det er funne ei korsforma kølle (S5735) og fleire øksar/meislar (C6336-6339) i bergart på Bu. Øksene vart funne på midten av 1800-talet, men det er ikkje stadfesta kva type dette er. Den korsforma kølla er av Type IIb (Skår 2003), og kan daterast til første halvdel av seinmesolitikum (6400-5700 f.Kr.). På Bu står det også ein bautastein (id 34546).

Nær tunet på Haneberg, som ligg på Hauge ca. 3 km nordvest for Helleren (Fig. 1), finst det ei rekke synlege kulturminne, m.a. eit helleristningsfelt (id 24715), eit gardsanlegg (id 72381) og fleire gravhaugar (id 65971, 14910, 54338). Ristningsfeltet består av tre panel der det er rissa inn to skip og minst 45 skålgroper (Fett & Fett 1941:95), mens den eine gravminnet har ei rektangulær form som på folkemunne vert kalla «offeralteret». Denne grava vart undersøkt i 1952, og i det som er tolka som eit kammer vart det funne skår av spannforma keramikk som tyder på at grava skal daterast til folkevandringstid (Petersen 1956, Møllerop 1958). I ulike omgangar er det også kome inn fleire gjenstandsfunn frå ulike periodar nær tunet på garden, m.a. nok ei korsforma kølle (S9821), ei Vespestadøks (S9319), to nye

flintdolkar (S4654, S7567), ein kvernstein (S9822) og eit spinnehjul (S9820). Desse funna viser Hellenen ligg i eit område med intensiv busetjing over eit langt tidsrom.

### 2.2.3 Personer knyta til granskinga

Sikringsundersøkinga vart utført den 06.-07.10.16. Granskinga vart gjennomført av arkeologane Trond Meling frå Arkeologisk museum, UiS og Angunn Skeiseid frå Rogaland fylkeskommune. Trond Meling har skrive rapporten. Dendroøkologen Andreas J. Kirchhefer i Tromsø har utført vedartsanalyse av innsamla trekol, og det er sendt inn fem trekolprøver for <sup>14</sup>C-datering til Beta Analytic. Osteolog Sean Denham ved Arkeologisk museum har gjort ei grovsortering-/analyse av beina. Då granskinga tok til den 06.10.16 var representantar frå Dalane Folkemuseum til stades.



Figur 5. PR-2 (i framgrunnen) vart graven mellom dei to husa, sentralt i kulturlaget, mens PR-1 vart graven i skråning opp mot dei to husa. Angunn Skeiseid grev PR-1. Foto Trond Meling

## 3. PROBLEMSTILLINGAR OG FØREMÅLET MED GRANSKINGA

Ut frå dei to prøvestikka som vart graven i 1964 visste ein at det fans bevarte, førhistoriske kulturlag i Hellenen. Dette laget er også godt synleg i overflata mellom og rundt dei to husa, og har ei utstrekning i plan på 75-100m<sup>2</sup> (Fig. 4). Men i toppen av laget ligg det mykje «moderne» gjenstandar, og granskinga i mai 2016 viste at det finns påførte, moderne massar i deler av området. Før sikringsgravinga tok til var det difor usikkert kor godt bevart dei førhistoriske laga i Hellenen var, og i kva grad laga er utsatt for slitasje/erosjon. Sentrale spørsmål for sikringsgranskinga var:



- Korleis er stratigrafien i kulturlaget under Hellenen, og kor mykje av laget består av uforstyrta, førhistoriske avsetningar, og kor stor del av laget representerer nyare/historiske aktivitet?
- I kor stor grad er dei førhistoriske laga forstyrta av yngre inngrep?
- Korleis er bevaringstilhøva for m.a. organisk materiale i kulturlaga?
- I kva grad er kulturlaget utsett for slitasje og erosjon i dag?

## 4 METODE OG DOKUMENTASJON

Ved sikringsgravinga vart det grave tre prøveruter. Lokaliseringa av desse vart valt med tanke på å få best mogleg informasjon omkring bevaringstilhøva både innanfor kulturlaget og under Hellenen generelt. Den eine ruta (PR-2) vart difor graven mellom dei to husa, der ein ut frå Myhre sine skildringar kunne forvente at kulturlaget var tjukkast, mens dei to andre vart graven i områder utan synleg kulturlag i plan (Fig. 3). PR-1 vart lagt like innanfor dråpefallet mot aust, men i skråninga opp til Hellenen, der besøkande kjem gåande (Fig. 5). PR-3 vart lagt sør for det sørlegaste huset, godt innanfor overhenget, men i eit område utan synleg kulturlag i plan (Fig. 14).



Figur 6. Etter at rutene var dokumentert vart dei kledd med fiberduk og fylt igjen med sand som ga god stabilitet. Her ser ein PR-2 bli fylt med sand. Foto Trond Meling

### 4.1 Gravetekniske metodar

Alle prøverutene vart graven for hand med graveskei, og all masse frå rutene vart vassålda i sjøen med handhalde såld som hadde ei maskevidde på 4 mm. Ved gravinga vart det så langt

som mogleg graven stratigrafisk ved at ein følgde ulike lag nedover. Dette gjeldt særleg PR-2 der det vart påvist uforstyrta førhistoriske kulturlag.

Etter at prøverutene var dokumentert vart desse fylt igjen. Alle prøverutene vart kledd med fiberduk, slik at det vart eit klårt skilje mellom profilveggane og fyllmassen (Fig. 6). Som fyllmasse vart det hovudsakleg nytta finkorna grus, slik at ein fekk god stabilitet og minska faren for utrasing. I toppen av kvar rute, i ein tjukkeleik på ca. 5 cm, vart det lagt på restmasse frå såldinga, slik at rutene blir mindre synlege og glir betre inn i omgjevnaden (Fig. 7).



Figur 7. I toppen av prøverutene vart det lagt på fyllmasse frå såldinga, slik at rutene ikkje vert så godt synlege. Her ser ein PR-2 nærast og PR-1 i bakkant. Foto: Trond Meling

#### 4.2 Dokumentasjon

Det var ikkje mogleg å måla inn prøverutene med GPS, sidan det mangla satellittdekning innunder helleren. Det vart i staden laga ei skisse som viser korleis rutene ligg i høve til kvarandre og husa. I tillegg vart alle rutene dokumentert gjennom profildeikningar. Gjennom heile granskinga vart det også teke fleire foto, både oversiktsfoto og foto av ulike detaljar og situasjonar (Jf. vedlagt fotoliste).

Dei aller fleste funna vart kom fram gjennom sålding. Funna vart lagt i pose med informasjon om lag og djupne under overflata. Gjenstandsfunn som var opplagt moderne vart også samla inn, slik at ein hadde informasjon om kor djupt desse fans. Desse er i ettertid kassert, men i Tabell 4.2.1 er det laga ein oversikt over dette materialet og kor det vart funne. I denne tabellen er det også notert funn av nokre ubrende dyrebein, truleg frå sau/storfe, som vart funne saman med dei moderne gjenstandane. Funna som kan relaterast til den førhistoriske busetnaden/aktiviteten i Helleren er katalogisert under S13671, og informasjon om kvart enkelt funn finns i vedlagt funnliste.

Rute	Nivå	Lag	Materiale
PR-2	0-5cm	Lag 1b	Glasskår og jern
PR-1	0-5cm	Lag 1	Ubrende bein (sau/storfe), glasskår, porselen og spiker
PR-1	5-10cm		Ubrende bein (sau/storfe), glasskår, porselen, spiker, jernbeslag og ein knapp
PR-1	10-23cm		Ubrende bein (sau/storfe), glasskår og spiker
PR-1	23-32cm		Ubrend bein (sau/storfe)
PR-3	0-8/10cm		Glasskår, porselen, tegl og spiker
PR-3	8/10-18cm		Glasskår, porselen, spiker og jernfragment


Tabell 4.2.1 Moderne gjenstandar i prøverutene

Til saman vart det tatt ut 11 trekolprøvar i samband med undersøkinga (jf. vedlagt funnliste). Desse vart teken ut frå profilane til prøverutene, og uttaksstadene vart markert på teikningane. Det vart tatt ut prøvar frå alle prøverutene, men dei fleste kjem frå ulike lag i PR-2. Sju av prøvene er nærare analysert for å få avklart vedarten (jf. vedlegg), og fem av desse prøvene er sendt til Beta Analytic for <sup>14</sup>C-datering (jf. vedlegg).

## 5 SKILDRING AV RUTER, LAG OG FUNN

### 5.1 Prøverute 1 (PR-1)

PR-1 vart graven like innanfor dråpefallet til helleren og mot toppen av skråninga som leder til dei to husa. Terrenget hella slakt nedover mot aust der ruta vart graven. Ruta låg 3,7 m aust for PR-2 og om lag 6,5 m aust for den indre «veggen» til Helleren (Fig. 3). Ruta var 50x50 cm stor i plan og den vart graven ned til 53 cm under overflata.



Figur 8. PR-1, profilet mot N

#### 5.1.1 Stratigrafien i PR-1

I PR-1 vart det skild ut to ulike stratigrafiske lag (Fig. 8). Det øvste laget (Lag 1) bestod av grålig sand blanda med noko humus og ein god del stein av varierende storleik. Laget var mellom 30-33 cm tjukt. Under dette laget fans det ein meir brunleg masse av hovudsakleg finkorna sand (Lag 2). Konsistensen til Lag 2 var fastare og meir kompakt enn Lag 1. I Lag 2 fans det også ein god del stein av varierende storleik. I tillegg var det eit par store, jordfaste steinar som stakk ned i dette laget. Om lag 20 cm av Lag 2 vart

graven. To profilar i PR-1 (profilen mot nord og mot sør) vart dokumentert nærare gjennom teikning (Fig. 8).

### 5.1.2 Funn frå PR-1

I Lag 1 fans det ein god del moderne gjenstandar, m.a. ulike glasskår, porselen, diverse jernfragment og ein knapp. Desse funna fans i det meste av laget, ned til ca. 23 cm under overflata (Tabell 4.2.1). Saman med desse gjenstandane, og gjennom heile Lag 1 ned til ei djupne på 32 cm, fans det også fleire relativt store ubrende dyrebein. Desse er ikkje analysert, men storleiken og forma sannsynleggjer at dei er frå storfe og/eller sau (pers. kom Osteolog Sean Denham).

I PR-1 fans det også enkelte artefaktar i flint (jf. vedlagt funnliste). I Lag 1 kom det fram ei brend smalflekk (Fnr. 64) og eit avslag (Fnr. 65), mens det vart funnet fragment av tre flekker, sju avslag og fire bitar i Lag 2. Dei aller fleste flintartefakta frå PR-1 er brend og/eller patinert.

I PR-1 fans det flintartefaktar frå om lag 5-10 cm under markoverflata og ned til ca. 50 cm djupne. Men dei fleste funna kan knytast til Lag 2 og låg mellom 32 cm og 41 cm djupt (jf. vedlagt funnliste).

### 5.1.3 Naturvitskaplege prøvar frå PR-1

Det vart samla inn to trekolprøvar frå PR-1. Begge vart teken frå profilet mot nord (Fig. 8). Den eine prøven (KP-8) vart teken ut frå Lag 1, om lag 22-24 cm under markoverflata, mens den andre (KP-9) er frå Lag 2, frå ei djupne på rundt 40-42 cm. Det var relativt lite trekol i dei to prøvane (jf. vedlagt funnliste), og ingen av dei er analysert nærare eller <sup>14</sup>C-datert.

## 5.2 Prøverute 2 (PR-2)

Denne prøveruta vart graven mellom dei to husa, sentralt innanfor Hellenen (Fig. 3). Ut frå Myhre sine opplysningar var det her ein kunne forvente at kulturlaget var tjukkast. Terrenget var relativt flatt i området. Ruta låg ca. 1 m frå kvar av murane til dei to husa og 2,9 m aust for den indre veggen (i aust) til Hellenen. Mellom PR-2 og PR-1 var det ca. 3,7 m. Ruta var 40x40 cm stor og ca. 70 cm på det djupaste.


### 5.2.1 Stratigrafien i PR-2

I PR-2 vart det skild ut sju ulike lag (Fig. 9). Det øvste laget (Lag 1a/Lag 1b) bestod av gråsvart humusblanda sand/grus med ein god del skjørbrente steinar. Dei største steinane hadde eit tverrmål på opp mot 20 cm, men dei fleste var mindre enn dette. Det var ganske få synlege trekolbitar i massen, sjølv om denne hadde ein relativt mørk farge. Ved dokumentasjonen av profilane i PR-2 vart Lag 1 skild i to separate lag – Lag 1a og Lag 1b. Lag 1a utgjer det øvste nivået, og var 5-10 cm tjukt, mens Lag 1b var 10-20 cm tjukt. Det var ingen store skilnader mellom dei to laga, men Lag 1a var noko mørkare i fargen enn Lag 1b. I tillegg var det noko meir stein i Lag 1b.

I profilane mot vest og sør fans det eit tydeleg trekollag (Lag 2) mellom Lag 1a og Lag 1b (Fig. 9). Lag 2 var 3-5 cm tjukt og skilde seg tydeleg ut frå laga over og under. Det var ikkje synleg i profilet mot nord, og i profilet mot aust var det berre svakt synleg i den sørlege delen. Denne fordeliga av Lag 2 i profila korresponderer også med observasjonar gjort under gravinga,

sidan det såg ut til at Lag 2 fans konsentrert til den sørlege delen av PR-2. Lag 2 låg 5-10 cm under overflata.

Under Lag 1b fans det også eit markant trekolholdig lag (Lag 3). Laget var jamt over 3-5 cm tjukt, og låg 20-25 cm under overflata. Lag 3 var synleg i alle profilane, men var minst tydleg/markert i den sørlege delen (Fig. 9).



Figur 9. Dei fire dokumenterte profilane i PR-2. Det vart skild fem ulike lag/fasar i kulturlaget. Under dette fans det lys gulbrun sand. Teikning: Trond Meling

Under Lag 3 fans det eit lag med grålig/gråsvart humusholdig sand/grus (Lag 4). Dette laget hadde klåre likskaper med Lag 1a og Lag 1b, både i farge og konsistens, og det er først og fremst Lag 3 som skil dei frå kvarandre. I Lag 4 fans det ein del skjørbrende steinar. Dei fleste var relativt små, men eit par hadde eit tverrmål på opp mot 40 cm. Laget hadde ein tjukkeleik på opp mot ca. 40 cm i den nordvestlege delen, men var jamt over rundt 10 cm tjukt.

Lag 5, som låg under Lag 4 og som hadde den same grålige/gråsvarte fargen som dette, skil seg frå Lag 4 ved at det var meir grusholdig og lausare i konsistensen. Det var også jamt over


mindre stein i Lag 5 enn i laga over. Tjukkheiken til laget varierte noko. I den austlege delen var Lag 5 i overkant av 20 cm tjukt, mens det var 5-6 cm tjukt i den vestleg delen. Denne skilnaden skuldast truleg at det opphavlege terrenget har skrådd brattare nedover mot aust enn i dag. Skråninga mot aust har truleg også lege noko lengre inn i helleren (mot vest) enn i dag.

Under Lag 5 fans det lys, gulbrun sand med ein relativt laus konsistens. Det fans nokre steinar i laget, men desse var ikkje skjørbrende. Laget låg mellom 35 cm (profil mot V) og 55 cm (profil mot S) under markoverflata, og på det mest vart rundt 35 cm av laget graven. Det vart ikkje observert endringar i laget nedover, og det er truleg djupare enn det som vart dokumentert i PR-2. Alle profilane i PR-2 vart dokumentert nærare gjennom teikning (Fig. 9).

### 5.2.2 Funn frå PR-2

PR-2 var den mest funnrrike av dei tre prøverutene, og alle lag var funnførande. Den største funnmengda utgjer ulike skjell og bein, men det vart også funne ein del artefaktar i flint og eit skår keramikk. I det øvste laget (Lag 1a), frå 0-5 cm under overflata, fans også det nokre gjenstandar frå nyare tid, m.a. glasskår og jernfragment (Tabell 4.2.1).

Dei aller fleste skjella frå PR-2 ser ut til å vera blåskjel (*Mytilus edulis*), og dei fleste føreligg i fragment av ulik storleik. Nokre av skjelfragmenta kan også, ut frå forma og storleiken, vera restar etter oskjel (*Modiolus modiolus*). I tillegg vart det funne ein del eksemplar av vanleg strandsnegl (*Littorina littorea*), samt to bitar av eit olbogeskjel (*Patellidae*). Sistnemnde vart funne i Lag 1a. Ingen av skjella viser teikn til å vera til- eller omdanna. Det fans skjell i alle laga i PR-2, men det var klart mest i Lag 1b og i overgangen mellom Lag 2 og Lag 1b (Fig. 10). I Lag 5 og Lag 6 var det relativt små mengder, og her fanst det høvesvis berre 4,27g og 1.16g med skjell (jf. vedlagt funnliste). Same vertikale fordeling har også strandsneglane (Fig. 10). Til saman vart det funne 542 g skjell i PR-2. Av dette utgjer 76,27 g strandsnegl.




Figur 10. Diagrammet viser fordelinga av skjell i dei ulike laga i PR-2

Fordeling av bein i PR-2 viser dei same tendensane som skjella. Det vart funne bein i alle laga, men brorparten kjem frå Lag 1b og frå overgangen mellom Lag 2 og Lag 1b (Fig. 11).

Men samanlikna med skjella er det ikkje ein like stor overvekt med bein i den øvste delen av kulturlaget, sidan det også fans relativt mange bein i Lag 4 og Lag 5 (Fig. 11). Dei fleste beina frå PR-2 er ubrende, og i Lag 3 og Lag 4 er desse i fleirtal. Det fans også ein god del ubrende bein i overgangen mellom Lag 2 og Lag 1b. I Lag 5 var det derimot ein klar overvekt av brende bein. Det same er tilfelle i Lag 6, men her var det generelt sett svært lite bein (1,99 g). Til saman vart det funnet 74,77 g brende bein og 118,72 g ubrende bein i PR-2.

Beinmaterialet frå granskinga i Hellen er ikkje undersøkt i detalj, men i følge osteolog Sean Denham ved Am, UiS, ser dei fleste ut til å vera frå fisk og sjøpattedyr. I overgangen mellom Lag 2 og Lag 1b vart det m.a. funne nokre tenner som truleg stammar frå sel, og i Lag 1b, Lag 3, Lag 4, Lag 5 og Lag 6 er det funne både heile og fragmenterte fiskevirvlar (jf. vedlagt funnliste). I dei same laga er det også fleire små, tynne bein som truleg er frå fisk. Virvlane varierer i storleik, og blant dei 13 som er funne i Lag 1b varierer tverrmålet på virvlane frå 0,3 mm til 1,6 mm.



Figur 11. Diagrammet viser fordelinga av bein i dei ulike laga i PR-2

I overgangen mellom Lag 2 og Lag 1b vart det funne eit skår av keramikk (Fnr. 13). Dette er 3,9x5,0 cm stort og 0,9 cm tjukt. Det har grov/mellomgrov magring, ei brun utside og svart inside. Det er ingen dekor, og skåret må karakteriserast som vanleg buplasskeramikk.

I Lag 5 og Lag 6 vart det funne ein del artefaktar i flint (jf. vedlagt funnliste). Det var flest funn i Lag 6, m.a. tre bipolare kjerne (Fnr. 38) og tre flekkefragment (Fnr. 39). I tillegg fans det seks avslag (Fnr. 34, 40) og ti bitar (Fnr. 35, 41) i laget. Dei aller fleste funna er brend og/eller varmepåverka, og avslaga/bitane som låg øvst i Lag 6 (Fnr. 43, 35) er patinert. I Lag 5 fans det ei flekke (Fnr. 28), tre avslag (Fnr. 26, 29) og tre bitar (Fnr. 25, 30) i flint. Dei fleste av desse er brend og/eller varmepåverka.


### 5.2.3 Naturvitskaplege prøvar frå PR-2

Til saman vart det samla inn sju trekolprøvar frå PR-2 (jf. vedlagt funnliste). Fire av desse (KP-2, KP-3, KP-4, KP-5) vart tatt ut frå profilet mot vest, to (KP-1, KP-6) frå profilet mot nord og ein (KP-7) frå profilet mot sør (Fig. 9). Det vart tatt prøvar frå Lag 2, Lag 1b, Lag 3, Lag 4 og

Lag 5. Seks av prøvene frå PR-2 er analysert nærare for vedart (jf. Vedlegg). I KP-5 frå Lag 2 fans det berre furu, og i alle prøvane er det dette treslaget, saman med eik, som dominere. I fem av prøvene vart det funne nok lauvtre (bjørk og rogn) til datering, og fire av desse er sendt Beta Analytic for  $^{14}\text{C}$ -datering. Dateringsprøvane er frå Lag 1b (KP-7), Lag 3 (KP-4), Lag 4 (KP-6) og Lag 5 (KP-1).

### 5.3 Prøverute 3 (PR-3)

PR-3 vart graven om lag 3,2 m sør for det sørlegaste huset under Hellenen. Terrenget i området skrå slakt mot nord/nordøst og i denne delen er det ein god del fjell i dagen. PR-3 vart graven mellom to fjellknausar, og frå prøveruta til den indre vegg i Hellenen (mot vest) var det 2,9 m. Ruta var 50x50 cm stor og 28 cm djup.



Figur 12. Profilteikning PR-3

#### 5.3.1 Stratigrafien i PR-3

I PR-3 vart det definert tre lag. Lag 1 bestod av relativt laus grå sand/grus med ein del nevestorstein. Laget var 28 cm tjukt på det meste og fans heile vegen frå topp til botn (Fig. 12). Spreidd i laget fans det små trekolbitar, men ingen konsentrasjonar. I den sørlege halvdel av prøveruta kom det fram et markant kollag (Lag 2)

som låg ca. 10 cm under overflata (Fig. 12). Dette laget hadde ei avgrens utbreiing i plan og var 5-8 cm tjukt. PR-3 vart graven ned til berg, og i den vestlege delen av ruta, i eit lite parti ned mot berget, fans det ei lomme med lys brun/beige sand med ein relativt finkorna konsistent (Lag 3). To profiler i PR-3 (profilen mot nord og mot vest) vart dokumentert nærare gjennom teikning.

#### 5.3.2 Funn frå PR-3

I PR-3 vart det funne to fragment av flekker (Fnr. 74), ni avslag (Fnr. 80, 82) og seks bitar (Fnr. 75, 83), alle av flint. Dei alle fleste flinartefaktene er brend og/eller varmpåverka og fleire er patinert (jf. vedlagt funnliste). Det fans også 9,78 g ubrende og 1,25 g brende bein i PR-3, samt ein strandsnegl (Fnr. 78) med ei vekt på 1,93 g. Blant dei brende beina er det fleire fiskevirvlar. Vertikalt fordeler funna seg gjennom heile ruta, men det var flest funn frå nivået mellom ca. 10 cm og 24 cm under overflata (jf. vedlagt funnliste). Dette gjeld både bein og flintartefakter.

I nivået 0-18 cm under overflata fans det også ein del moderne gjenstandar i form av glasskår, porselen, tegl og spiker (Tabell 4.2.1).

#### 5.3.3 Naturvitskaplege prøvar frå PR-3

Frå PR-3 vart det samla inn to trekolprøvar. Den eine (KP-10) vart tatt frå Lag 1 i profilet mot vest, mens den andre (KP-11) vart tatt frå Lag 2 i profilet mot nord (Fig. 12). Prøven frå Lag 2 er analysert nærare. Den inneheld store mengder furu, men det vart også funne noko lauvtre som er sendt inn for  $^{14}\text{C}$ -datering.



## 6. TIDFESTING AV LAG OG FUNN

Det vart ikkje funne klåre tidsdiagnostiske artefakter i prøverutene, men gjenstandsmaterialet viser at busetjinga og aktiviteten i Hellenen strekker seg over eit langt tidsrom. Det er mogleg at kulturlaget er avsett innanfor eit like langt tidsrom, men ut frå den vertikale funnfordelinga ser det ut til at det meste er avsett seinare enn steinbrukande tid. Før <sup>14</sup>C-dateringane føreligg er det ikkje mogleg å gjera noko detaljert vurdering av bruksfasane i Hellenen. Vurderingane under byggjer difor på fordelinga av gjenstandsfunna, faunamaterialet og dei stratigrafiske forholda og relasjonane.

### 6.1 Steinbrukande tid

Totalt vart det funne 63 flintartefakter i dei tre prøverutene. Nær 50 % av desse er frå PR-2, mens resten er likt fordelt med 17 flintfunn i PR-1 og PR-3. Denne funndistribusjonen gjev berre ei avgrensa innsikt i den horisontale spreininga av artefakter under Hellenen, men den antyder at dei største funnkonsentrasjonane finns i dei sentrale delane, og at dette korresponderer med utbreiinga av kulturlaget.

I PR-2 er 75 % av steinartefaktene funne i den gulbrune sanden (Lag 6) under kulturlaget, mens resten, m.a. ei flekke (Fnr. 28), er frå Lag 5. Denne vertikale samansetninga kan indikera at heile eller deler av Lag 5 er avsett i steinalderen. Men sidan det er relativt få funn i dette laget (sju artefakter), samanlikna med Lag 6, er det større sannsyn at steinartefaktene i Lag 5 opphavleg kjem frå Lag 6 og er blanda inn i Lag 5 som følgje av seinare aktivitet. Den vertikale funnfordelinga i Lag 6 var relativt jamn, og det vart ikkje påvist nokon konsentrasjon med funn i laget.

I PR-1 og PR-3 vart det ikkje påvist kulturlag og alle steinartefaktene er funne i sand-/grusmassar. I begge prøverutene fann det klare indikasjonar på at dei øvste delane var forstyrre i nyare tid, men i begge var det flest funn i dei uforstyrre nivåa. I PR-1 er rundt 88 % av flintartefaktene frå nivået mellom 32-50 cm under overflata, mens 58 % av flintfunna i PR-3 er frå 18-23/24 cm under overflata. Det er også verdt å påpeike at over halvparten av alle funna frå PR-1 er frå nivået 32-41 cm under overflata, dvs. i den øvste delen av Lag 2. Dette kan tyde på at dette utgjør det mest funnrrike nivået i denne delen av Hellenen.

Ingen av steinartefaktene frå dei tre prøverutene gjev sikre haldepunkt for nærare datering, og mest truleg representerer funna fleire fasar av steinbrukande tid. Strandlinjekurva for denne delen av Rogaland viser at tapes maksimum ligg ein stad rundt 6 moh. Den er datert til rundt 4500 BP (Prøsch-Danielsen 2006:79-81). Dette inneberer at dei sentrale delane av Hellenen, i området der kulturlaget er avsett, kan ha vore delvis under vatn i tidleg mellomneolitikum. Vi fann ikkje spor etter transgresjon i prøverutene, men ein god del av flinten som vart funne i prøverutene var patinert, noko som kan skuldast at dei har lege under vatn i ein periode. I så fall er dei eldre enn mellomneolitikum. Dei tre bipolare kjernane som er funne i Lag 6 i PR-2 (Fnr. 38) indikerer også at deler av busetnaden mest sannsynleg er frå perioden seinmesolitikum – tidlignolitikum (6400-3300 f.Kr.). Denne kjernetypen er i bruk over eit langt tidsrom, men har eit tyngdepunkt i denne perioden (Bergsvik 2002). I PR-3 er eit av avslaga (Fnr. 82) av svært god flintkvalitet (Fig. 13)

samanlikna med dei andre funna frå prøverutene. Avslaget er ikkje patinert, og kvaliteten kan tyde på at det skriv seg frå aktivitet i seinneolitikum og/eller eldre bronsealder.

I Lag 6 i PR-2 var det svært få bein- og skjelfragment samanlikna med laga over. Brorparten av beina er brende (Fig. 11), og bland desse fans det deler av ein fiskvirvel. Skjelfragmenta er svært små, og det er vanskeleg å avgjere kva type skjell som finns i materialet, men ein del kan truleg klassifiserast som blåskjel. Årsaka til den lave andelen skjell og bein i laget skuldast truleg først og fremst dårlege bevaringstilhøve i sandlaget. At det er ein tydeleg overvekt av brende bein i Lag 6 kan truleg forklarast med at varmpåverknad gjer beina meir motstandsdyktige og aukar moglegheita for bevaring (Mansrud 2013:76).



Figur 13. Avslag i flint frå PR-3. Flinten er av fin kvalitet og kan stamma frå aktivitet i seinneolitikum eller eldre bronsealder. Foto: Trond Meling

## 6.2 Yngre periodar

Forutan flintartefaktene er keramikkskåret frå PR-2 det einaste gjenstandsfunnet frå førhistorisk tid i prøverutene. Skåret lar seg ikkje datere eksakt ut frå typologiske trekk, men sidan det er funne i overgangen mellom Lag 2 og Lag 1b, berre 5-13 cm under overflata, er det nærliggjande å tru at det skal daterast til eldre jernalder, og då kanskje særleg tida etter Kr. f. (Kr. f. – 550 e.Kr.). Dersom denne vurderinga er riktig inneberer det at mykje av kulturlaget som vart påvist i PR-2 kan vera avsett i bronsealder og tidleg eldre jernalder. Om det har vore ei kontinuerlig busetjing i Hellenen i eit så langt tidsrom er foreløpig usikkert. Det er også mogleg at laga som er skild ut i PR-2 representerer ulike fasar med intensiv aktivitet innanfor ei kortare tidsramme. Resultata frå <sup>14</sup>C-dateringane vil truleg gje opplysningar om dette.

I PR-2 er det ein klar konsentrasjon av skjell i lag 1b og i overgangen mellom lag 2 og lag 1b (Fig. 10). Den vertikale fordelinga av bein viser eit liknande bilete (Fig. 11). Desse konsentrasjonane korresponderer med keramikfunnet og indikerer at brorparten av både skjell- og beinmaterialet i Hellen er avsett i tida etter Kr. f. Liknande konsentrasjonar med bein i buplasslag datert til romartid og folkevandringstid har ein også påvist i andre hellerar langs kysten. I Osterbakkjen og Setrehellen på Bømlo i Hordaland er det m.a. ein klar overvekt av bein i lag datert til denne perioden (Bommen 2009:31-50). Dei same tendensane ser ein også i Kobbhammarskleiva på Spissøy ved Stord i Hordaland der det aller meste av beina er funne i lag datert til folkevandringstid (Bommen 2009:57-58). Ved utgravinga av Osterbakkjen og Kobbhammarskleiva vart det også samla inn skjell og sniglar frå dei ulike laga. I begge hellerane fann det ein god del skjell i alle lag, men i Osterbakkjen var det ein klar konsentrasjon av m.a. blåskjel og strandsniglar i lag frå romartid (Bommen 2009:39). I Rogaland er det også døme på liknande funnforhold, m.a. i ein heller ved Romselandsvågen i Tysvær. Ved ei utgraving i 1940 vart det her funne ein heil del skjell og bein saman med fleire skår av keramikk frå romartid og folkevandringstid (Lund 1941:82). I Håheller i Lysefjorden fann det også ein del skjell og bein i dei same laga som ein fann spannforma keramikk (Bang-Andersen 1983). Ved granskingar av ein heller ved Holmane i Hå vart det i 1931 funne eit markant skjellag med østers, musling og blåskjel (Kloster 1931, Storvik 2011). Funnmaterialet frå Holmane tyder på langvarig bruk av helleren, men skjellaget låg relativt høgt i det 80 cm tjukke kulturlaget, noko som kan tyde på at det skal knytast den yngste busetnadsfasen som kan daterast til yngre romartid/folkevandringstid.

## 7. FORMIDLING OG PUBLIKUMSKONTAKT

Under feltarbeidet vart det ikkje gjennomført noko organisert formidling av utgravinga, men i løpet av begge utgravingsdagane kom det fleire besøkande til Hellen som fekk informasjon om arbeidet vi gjorde.

## 8. PROSJEKTEVALUERING

Hovudmålet med sikringsgravinga var å få betre kunnskap om lagdelinga og bevaringstilhøva i Hellen, samt få klårheit i om dei førhistoriske laga er utsett for slitasje/erosjon. For å nå dette målet vart dei tre prøverutene graven på ulike stader i Hellen, slik at ein fekk eit representativt bilete av tilstanden til laga. Det har også vore eit mål at informasjonen frå granskinga skal kunne nyttast for å vurdere behovet for eventuell sikring av dei førhistoriske laga.

### 8.1 Bevaringstilhøva i Hellen

Granskinga syner at bevaringstilhøva i Hellen er relativt gode. Det vart ikkje påvist førhistorisk kulturlag andre stader enn i PR-2, og det ser ut til at utbreiinga av dette laget korresponderer med dei mørke avsetningane som ein kan sjå i overflata rundt og mellom dei to husa (Fig. 4). Sannsynlegvis finns det bevart kulturlag under dei to husa, noko også

utgravinga i mai 2013 tydar på (Meling 2013). Ut frå granskingane som er gjort og dei terrengmessige forholda, er det grunn til å tru at kulturlaget i Hellenen har ei horisontal utbreiing på 75-100 m<sup>2</sup>.

Bjørn Myhre fann at kulturlaget var 50-60 cm tjukt i begge prøvestikka (Myhre 1964a). Dette korresponderer godt med tjukkeleiken til kulturlaget i PR-2 som var ca. 60 cm på det meste (Fig. 9, profil mot N). Ut frå terrenget er det lite truleg at kulturlaget er like tjukt over alt, og mest truleg er det tjukkast i den sentrale og sørlege delen, særleg mellom dei to husa og under det sørlegaste/kvite huset (Fig. 4, Fig. 14).



